



Eigedomsskatt i Sunnfjord kommune

Kommunestyret for Sunnfjord kommune har vedteke å innføre eigedomsskatt på alle faste eigedommar i heile kommunen frå 2021, på grunnlag av ny taksering, nye vedtekter og nye retningslinjer for eigedomsskatt.

Les meir om eigedomsskatt
www.sunnfjord.kommune.no

Kontaktinformasjon

Sunnfjord kommune
Postboks 338
6802 Førde

Telefon: 57 72 20 00

eigedomsskattekontor@sunnfjord.kommune.no

Synfaring

Det vert synfaring på alle eigedommane før omtaksering. Dette er ei utvendig synfaring der det vert vurdert forhold på eller rundt eigedommen som kan ha betydning for taksten.

Vi er ikkje avhengig av at du er tilstades under synfaringa.

Dersom du ynskjer å vere tilstades under synfaringa, må du sende oss ei skriftleg tilbakemelding på det innan 6. mai.

Hugs å oppgje telefonnummer som vi kan nå deg på, på dagtid. Vi vil kontakte deg for å avtale tidspunkt for synfaringa.

**Frist for
tilbakemelding
på synfaring
6. mai 2020**



**Sunnfjord
kommune**



2019

Fire kommunar med ulikt takstgrunnlag og ulike promille satsar for eigedomsskatt



2020

Frist for innbyggjarene å gje tilbakemelding på synfaring

Taksering av eigedomsskatt frå mai til oktober

Kommunen vil sjølv utføre takseringa



2021

Eigedomsskatten basert på dei nye takstane er klar

Ein kommune med likt takstgrunnlag og lik promillesats for eigedomsskatt

Taksering

Eigedomsskattetaksten vert rekna ut frå faktaopplysningar.

Faktaopplysningar om adresse, areal på bygningar og tomter vert henta frå offentleg eigedomsregister.

Manglar ein arealstørrelsar på bygningar vert det gjort ei utvendig oppmåling ved synfaringa.

Taksten vert vurdert opp mot lokalisering, alder, slitasje, renovering og andre spesielle tilhøve som kan påvirke eigedomsverdien.

Dei spesielle forholda fangar vi opp gjennom synfaring av kvar enkelt eigedom.

Slik vert eigedomsskatten din rekna ut

Det er kommunestyret som skriv ut eigedomsskatt og bestemmer promille for skattesatsen.

Skatten vert krevd inn i lag med dei andre kommunale avgiftene.

Eigdommen sin verdi dannar grunnlaget for utrekninga av skatten.

Eigedomsskatten er den einaste skatten som kommunen sjølv har styring med, og der skatten i si heilheit går til kommunen.

Taksten som vert sett skal spegle ein antatt marknadsverdi slik det står i Eigedomsskattelova § 8 A – 2:

«Verdet av eigdommen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigdommen etter si innretning, bruksegenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal.»

I tillegg kan kommunen frita spesielle eigedommar for eigedomsskatt og innføre bunnfrådrag for bueiningar. Dette vil kommunestyret handsame i samband med den årlege budsjettprosessen.

